



Reknes byggevare
Thomas Fjellsbø
Lyngveien 2 Lyngveien 2
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7603 - 15/476

Saksbehandlar:
Rune Kilen
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:
09.01.2015

Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - bgnr 102/140 Vabø

Syner til søknad datert 18.11.2014 om avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining (gnr/bnr 102/140).

Vedtak:

Teknisk drift vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining på følgjande vilkår:

Avkjørsla skal vere opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming fastsett av Vegdirektoratet i forskrift 1964 om «Alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg.», § 40-43 i veglova, samt vegnormal N100.

Siktsona skal ikkje nyttast til parkering / plassering av sikthindringar.
Utbetring av avkjørsle kan verta søknadspliktig hos byggjesak.

Det er med heimel i veglova §40-43 forskrift om «Alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg», samt vegnormal N100 at vegmynde skal sette krav til avkjørsler frå offentlig veg.

Løyve er gitt i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt over. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve veglova med tilhøyrand regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Rune Kilen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anne Lise Molvik

Mottakarar:

Reknes byggevare

Lyngveien
2Lyngveien 2

5914

ISDALSTØ